

Ard Arealplan AS  
Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Vår dato: 03.09.2015  
Vår ref.: 201504522-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 21.07.2015  
Dykkar ref.: ard015014

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes

## Innspel til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Nesfossen nærings- og industriområde - GBnr 56/14 mfl - Lindås kommune

Vi syner til brev datert 21.07.2015. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Nesfossen nærings- og industriområde i Lindås kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utviding av eksisterande industrianlegg, med sjøvatnbasert anlegg for smoltproduksjon med dei installasjonar som høyrer til.

Planområdet grensar til Kjeggjarvatnet i nordaust. NVE rår til at det vert sett av eit grønt belte mot vatnet utan inngrep. Vi syner til vassressurslova §11 om kantvegetasjon. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen.

Det er registrert eit aktsemdområde for jord- og flaumskred i utlaupet av vatnet og langs elvelaupet, jf. aktsemdkart på NVE Atlas. Dette må vere eit tema i ROS analysen, og det må gjerast ei konkret vurdering av om skredfaren er reell. For nærare rettleiing om handtering av skred- flaum- og erosjonsfare i arealplanar syner vi til NVE rettleiar 2/2011 som kan lastast ned frå [www.nve.no](http://www.nve.no).

Reguleringsplanen bør også legge opp til ein arealbruk som tek i vare tjernet i nordvest. Dersom inngrep i tjernet ikkje er til å unngå må det gjerast greie for om det er knytt ålmenne interesser til tjernet, og korleis inngrepet påverkar desse ålmenne interessene. Som døme på ålmenne interesser kan nemnast fiskens frie gong, ålmann ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for ålmenne interesser.

Med helsing

Bright Samdal  
regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør



*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*